

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FE-080	23/955

Saknr	Utval	Type	Dato
104/2023	Formannskapet	PS	16.10.2023
086/2023	Kommunestyret	PS	26.10.2023

Politisk styringsstruktur og reglement folkevalde

Vedlegg:

Journalposttittel

REGLEMENT FOR FOLKEVALDE 2023

Reglement for folkevalde 2012

Dato

17.10.2023

17.10.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Noverande reglement er ikkje oppdatert etter ny kommunelov, og bør fornyast ved ny valperiode.



MASFJORDEN KOMMUNE

REGLEMENT FOR FOLKEVALDE

2012 - 2015



INDRE HOPE FOTO: GERD ALLISHAHEIN

- Etiske retningslinjer s. 02
- Reglement for folkevalde sin rett til innsyn s. 05
- Reglement for formanskap og dei politiske utvala ... s. 08
- Reglement for Masfjorden kommunestyre s. 14

Oppdatert reglement vert lagt fram for sittande formannskap 2019-23, som gir tilråding til neste periode, 2023-27.

Uttale

Kommunal- og distriktsdepartementet har nettopp komme med ein ny rettleiar for sakshandsaming i folkevalde organ i kommunar, sept. 23 – og følgjer som referatsak til dette møte (okt.23)

Fakta

Viser til saksvedlegg – oppdatert reglement for folkevalde 2023

Vurdering

Framlegg til oppdatert reglementet er stort sett vidareføring av tidlegare reglement med tilpassing til nytt lovverk. Ny rettleiar frå kommunal- og distriktsdepartementet er nettopp kommen, og ikkje innarbeidd i framlegget. Dette forholdet, samt at kommunen er i prosess med skifte av sakssystem, som gjer at reglementet sannsynlegvis må opp att og reviderast innan kort tid.

Ei endring er viktig å presisere, gjeld under utval for teknisk, miljø og landbruk

Dette gjeld no:

Utvalet skal ha mynde til å avgjera alle saker innanfor plan- og bygningslova der administrasjonen ønskjer å kome

med negativ tilråding (avslag). Vidare skal mynden til å avgjera klagesaker innanfor utvalet sine saksområde (jf. kulepunktar ovanfor)

høyra til utvalet. Formannskapet skal være endeleg klageorgan i bygge og delingssaker. I konsesjonssaker skal utvalet ha innstillingsrett til formannskapet.

Forslag til endring:

Utvalet skal ha mynde til å avgjera alle saker innanfor plan- og bygningslova der administrasjonen ønskjer å kome med negativ tilråding (avslag).

Vidare skal mynden til å avgjera alle klagesaker innanfor utvalet sine saksområde (jf. kulepunktar ovanfor) høyra til utvalet. I konsesjonssaker skal utvalet ha innstillingsrett til formannskapet.

Grunngjeving:

Endringa vil medføra at utvalet får meir ansvar innanfor sitt saksfelt, samstundes som det vil avlasta formannskapet i å handsama klagesaker for vedtak som er gjort i medhald av plan- og bygningslova.

Konklusjon

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget.

Formannskapet - 104/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget.

Kommunestyret - 086/2023**KS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Ørjan Daae (FrP) sette fram følgjande endringsforslag til mandat for Teknisk Utval:

Utvalet skal ha mynde til å avgjera alle saker innanfor plan- og bygningslova, samt utvalgets saksområde, [...]

Framlegg til vedtak frå formannskapet med endringa frå FrP vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Reglementet for folkevalde 2023 vert vedteke slik det ligg føre i saksvedlegget med følgjande endring i mandat for Teknisk Utval:

- Utvalet skal ha mynde til å avgjere alle saker innanafor plan- og bygningslova, samt utvalgets saksområde.